



## Referat møte i Team Hardanger, tysdag 29.10.2024 i Eidfjord

**Møtte:** Mona Hellesnes, Ulvik herad - leiar, Jan Tjosås, Kvam herad, Randi Rykkje, Ullensvang kommune, Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune, Sigmund Vereide, Hardanger og Voss Næringshage, Christel Johansen Kvamme, Ullensvang næringshage, Andreas Skogseth, Visit Hardangerfjord, Trude Rinaldo, Hardangerrådet iks

**Gjester:** Sofie Torlei Olsen, Hardanger og Voss Næringshage  
Siri Erdal, Husbanken

**Husbanken:** Ny bustadmelding, Bustadpolitiske utfordringar i regionen, Verktøykassa  
Presentasjon ligg ved referatet

### Innlegg og Workshop utdanningstilbod i Hardanger

Presentasjon ligg ved. Oppsummering Workshop i eige referat.

Rolla til HVK er å vera tilretteleggar, pådrivar og kopljar. Må også tørre å stilla dei vanskelege spørsmåla.

Helse og omsorg er dei viktige områda for kommunane, skal ein konsentrera seg om det? Kva ambisjonar skal ein ha for regionen vår? Viktig å halda fast i kombinasjon med digitale førelesingar og samlingar. Må prioritera gode digitale rom. Då kan studentar sitja saman med andre både i rommet, men også følga ei samling via digitalt rom.

Korleis skal ein sikra framtida til HVK? Slik finansieringsmodellen er lagt opp, er den både usikker og tidkrevjande. Ønskjer å bruka 2025 til å finna best mulig måte å jobba for ei trygg og god framtid i HVK.

Kven skal vera drivarar for denne prosessen? Kan ein sjå korleis dette er løyst andre stader?

### Saksliste:

#### 1. Rekruttering i Hardanger og Voss - oppdatering

Status v/ prosjektleiar Christel Johansen Kvamme. Presentasjonen er vedlegg til referatet  
Prosjektet skal ikkje vera NAV to, men må ha fokus på korleis finne jobb til både ein og to.  
Undervisning går lenger og lenger vekk frå næringslivet. Kan ein få til enklare måte at arbeidsliv/næringsliv og skule får eit tett samarbeid. Kan hospitering både for lærarar, rådgjevarar og elevar vera bra?

#### 2. Valg av ny leiar Team Hardanger

##### Vedtak:

Lisbet B. Celik, Eidfjord kommune er valgt til ny leiar i Team Hardanger med verknad frå neste møte. Randi Rykkje er valgt til nestleiar. Leiar og nestleiar er valde for 2 år.

### **3. Status frå kvar kommune, næringshagane og Hardangerrådet**

#### **Visit Hardangerfjord**

Hege er i Kina. Andreas har vore i Frankfurt, og møtt Lufthansa, der målet er direkte ruter til Bergen. Det er eit svært lovande ruteprogram som kjem med ruter 5 dagar i veka heile året. Arbeidet med hovedprosjektet reiselivsstrategi for Hardanger er i sluttfinansieringsfasen, og kan snart starta.

Forhandlar med alle kommunane i desse dagar om fornying av kontrakt med Visit Hardangerfjord.

#### **Ullensvang kommune**

No er det ein ny runde med næringsfond, som skal opp i november.

Mange sentrumstiltak i Odda, dvs det er ei heilheit som gjer seg gjeldande. F.eks ny campingplass skal opnast neste vår, samt at Skalltaket skal verta arrangementsarena.

Arbeid også igang på "OVN 3" for ny rutebilstasjon mm.

Hadde næringsmøte i forbindelse med Litteratursymposiumet. Tema var tett på rekruttering, om satsingar som Hydrogen HUB, samarbeid med grøn region Vestland, korleis kan ein samarbeide med robotutvikling på Osterøy. Det handlar om å modna temaene, og ikkje minst samla kommune, offentlig og lokalt næringsliv.

Hydrogensatsinga har gode prosessar, og går fram. Mange store visjonar og nokre konkrete prosessar.

Har hatt kontakt med eit Tjekkisk utvinningselskap, som har teke ut prøver nær Oaldsnuten, Skal vurdere strategisk næringsplan.

Har begynt med berekraftig reiselivsplan. Stort arbeid, og det kjem stadig nye utfordringar. F.eks nye attraksjonar uten plan for infrastruktur. Aktuell utfordring no er nye Skjerpatrapper i Herand, der annan infrastruktur ikkje er på plass.

#### **Næringshagen Voss og Hardanger**

Arrangement som kjem no framover:

- 29.10 medlemstreff på Voss i dag,
- 13.11 medlemsmøte i Eidfjord med ulike kurs
- 19.11 Brakaneskonferansen.

Samarbeidsprosjektet der ein også tilbyr plass i målbedriftsprogrammet for næringslivet i Kvinnherad er no mellom to finansieringar. Her er det viktig å halda oppe momentumet. Ny finansiering er ikkje før i mai 2025

Turistbåtruta: Fylke vil ta ned tilbudet kraftig. Premiss er at ruta skulle bera seg sjølv, men så kom pandemien, og me treng meir tid. Hardangerrådet sender uttale til politisk.

#### **Kvam herad**

Ny omorganisering i administrasjonen.

Skal laga ny temaplan for næring og kompetanse, inkludert reiseliv. Rapport frå Menon, viser at den desidert største veksten finnst i reiselivet. Etter at begge hotella kom opp på eit nytt nivå, er verdiskapinga blitt mykje betre.

Plan for Tokagjelstunnel vert lagt fram snart. Finansiering er spørsmål, men prosjektet fekk god hjelp med valg av "Arm til Bergen" gjennom Odda og Kvam via Kvamskogen.

## **Eidfjord kommune**

Presentasjon av Tolegrenseanalyse for reiselivet i Eidfjord i kommunestyret 28.10 og venter på rapporten skal leverast.. Tolegrenseanalysen tar for seg ulike tema , men det er ingen ringvirkningsanalyse da fordi summen ikkje er stor nok til å gå i dybden.

Analysen viser utfordringer knytt til både innbyggjartrivnad, miljøutfordringar og potensiale for å auka lokal verdiskaping. Rapporten vil peike på løysingar og forslag til forbetringar.

Besøksforvaltningsplan er lagt inn i planstrategien og i budsjettet for ein vidareføring av tolegrenseanalysen..

Ein "Reiselivsstrategi for Hardanger" vil også vera med i å finna løysing på utfordringane.

Det er tilknytningstopp i Sysendalen, dvs ein kan ikkje knyta nye hytter til eksisterande reinseanlegg. Det jobbast med å finna løysingar fram til nytt anlegg skal stå ferdig i 2027

Berekraftsanalyse for Sysendalen er klar for å velga anbud.

Manglar ressursar på næring, og derfor er strategisk næringsplan med tiltak og retningslinjer for næringsstøtte er lagt ut på anbud.

## **Næringshagen i Ullensvang**

Har vellukka samarbeidsprosjekt med Kvinnherad Næringssservise, med intensjon om å utvida og formalisera samarbeidet.

Har starta nytt 1.linjeteneste med gratiskurs for etablerarar. Gode tilbakemeldingar.

Arbeider med utdanningsprosjektet.

Målbedriftsprogrammet har vore ein opptur i 2024, og har store forhåpningar for 2025.

## **Ulvik herad**

Citta Slow er Bulyst. Det er ein internasjonal organisasjon som jobbar for lokalsamfunn.

Fokus er berekraftig samfunn det er godt for folk å bu i. I Norge er kun to kommunar med, Ulvik og Sokkendal. Ulvik er nordisk kontakt. Vil jobba med å sjå på moglegheiter for at heile Hardangerregionen kan vera med samla i eit medlemskap.

Ny konferanse er Brakaneskonferansen 19.11 - der målet er bedrifter frå heile Hardanger.

Oppgåver og team til neste TH.

1. Mona formulera innspel til Hardangerrådet, i forbindelse med tilsetjing av ny dagleg leiar.
2. Ber om at besøksforvaltning vert sett på agendaen til Team Hardanger. Status i Hardanger og korleis ein skal adressera ulike utfordringar. Ber Andreas ta del her.
3. Ber om at diskusjon om deltaking på Arendalsuka på neste møte i TH
4. Kan TH senda uttale til VY/myndigheiter, som i desse dagar planlegg innkjøp av nye tog, som kun kan ta 8 sykklar, mot 100 no. Dette er krise for lokalt reiseliv.

Neste møte er tysdag 03.12.2024 i Ullensvang

Referant Trude L. Rinaldo